

Møteprotokoll

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU

Møtestad: E-postmøte

Dato: 24.3.2015

Tidspunkt: 13:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Ivar Kvalen	Leiar	
Gunnvor A. Sunde	Medlem	
Karen Marie Hjelmeseter	Medlem	

Følgjande faste medlemmer meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Sven Flo	Nestleiar	

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Oddmund Klakegg		

Merknadar

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Christian E. Pettersen	Nasjonalparkforvaltar

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 5/15	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 6/15	Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll		
ST 7/15	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre – søknad om snøscooterkjøring ved Fåbergstølsgrandane		2015/1190

ST 5/15 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 24.03.2015

Vedtak

Ingen merknadar til innkalling og dagsorden.

ST 6/15 Val av to styremedlemmer til å skrive under protokoll

Saksprotokoll i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU - 24.03.2015

Handsaming i møte

Karen Marie Hjelmeseter og Oddmund Klakegg vart føreslått til å underskrive protokollen.

Vedtak

Karen Marie Hjelmeseter og Oddmund Klakegg vart valt til å skrive under protokollen frå dette møtet.

Dei stadfestar då per e-post om dei godkjenner protokollen eller ikkje, og e-postane vert lagra i sakshandsamingssystemet ePhorte. Leiar Ivar Kvalen må også skrive under.

Samrøystes vedteke.

Arkivsaksnr: 2015/1190
Saksbehandlar: Christian E. Pettersen
Dato: 23.03.2015

Utval	Utvalgssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - AU	7/15	24.3.2015

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - søknad om snøscooterkøyring ved Fåbergstølsgrandane

Innstilling frå forvaltaren

Løyve med heimel i naturmangfaldlova § 48 vert gjeve på vilkår som går fram under:

- Køyringa skal skje i området mellom Båtedøla og Øyastrondi så nært nasjonalparkgrensa som praktisk mogleg.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet er gyldig i perioden frå 24. mars til 30. april 2015.
2. Køyringa i nasjonalparken skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
3. Under køyringa skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området, slik at ein så langt som mogeleg kan unngå å uroe desse.
4. Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn (SNO) ved Anne Rudsengen på tlf. 95 96 38 88, som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn.
5. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 15. mai 2015 om gjennomført snøscooterkøyring, og om de observerte spesielle høve under køyringa.

Handsaming i møte

Samrøystes vedteke i tråd med innstillinga.

Vedtak

Løyve med heimel i naturmangfaldlova § 48 vert gjeve på vilkår som går fram under:

- Køyringa skal skje i området mellom Båtedøla og Øyastrondi så nært nasjonalparkgrensa som praktisk mogleg.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet er gyldig i perioden fra 24. mars til 30. april 2015.
2. Køyringa i nasjonalparken skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.
3. Under køyringa skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området, slik at ein så langt som mogeleg kan unngå å uroe desse.
4. Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til Statens naturoppsyn (SNO) ved Anne Rudsengen på tlf. 95 96 38 88, som vil gje melding om det må takast spesielle omsyn.
5. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 15. mai 2015 om gjennomført snøscooterkjøring, og om de observerte spesielle høve under køyringa.

Saksopplysningar

Statkraft v/ Steinar Stensli søkte i e-post datert den 23. mars 2015 om løyve til å køyre med snøscooter innanfor nasjonalparkgrensene på strekninga Båtedøla – Øyastrondi i Jostedalen. Føremålet med køyringa er feilsøking på samband på Styggevatnet og etablering av samband til brøyting. Vanlegvis skjer denne køyringa langs same trase som bilvegen på staden. Pga. av eit snøras som går over vegen og ned i nasjonalparken, må dei no i staden køyre inn i nasjonalparken i dette området. Dei har trulig behov for å køyre om lag fire-fem turar før vegen vert brøyta etter påske.

Lovgrunnlag

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er ikkje opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel til dette føremålet. Søknaden må difor handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i verneforskrifta. I naturmangfaldlova § 48 står det at «forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.»

Søknaden skal også vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

Vurdering

Feilsøking på samband og etablering av samband til brøyting til vasskraftanlegget ved Styggevatnet hører med til Statkraft sine faste oppgåver, og er naudsynte for drifta av anlegget.

Den omsøkte snøscooterkjøringa vil finne stad om lag 50 meter frå bilvegen på strekninga mellom Båtedøla og Øyastrondi, altså så nærme bilvegen og over ein så kort distanse at den ikkje vil forårsake nemneverdig større forstyrring for dyreliv og turgåarar enn om den hadde skjedd på bilvegen. Vidare vil snø- og isdekk gjere at kjøringa ikkje vil etterlate permanente eller langvarige spor/skader på grunn eller vegetasjon. Kjøringa er soleis å anse som uproblematisk med tanke på verneføremålet og verneverdiane, og omsyna i §§ 8-12 i naturmangfaldlova reknast som ivaretatt.